


Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO



INNOVASJON
NORGE

Dykkar ref.:
200900924/IV

Vår ref.:
AAREM-2009/100661

Oslo, 17. januar 2011

HØYRINGSNOTAT OM REGULERING AV DELTAKING I FISKET ETTER LANGE OG BROSME FOR FARTØY OVER 28 METER

Vi viser til departementets brev av 16.11.2010 med høyringsnotat om regulering av deltaking i fisket etter lange og brosme for fartøy over 28 meter.

Vi viser også til vårt brev av 08.10.2010 om same tema.

Som departementet skriv, er fisket etter lange og brosme i dag ikkje regulert i norske farvatn, men i praksis fritt for alle merkeregistrerte fartøy. Når det i dette høyringsnotat blir foreslått å lukke fisket etter lange og brosme for kystfartøy over 28 meter, er bakgrunnen målsettinga om å vidareføre det som ein trur er ei positiv utvikling for desse fiskeslaga, og ønsket om å sikre lønnsomt fiske etter desse artane også i framtida.

Linedrift er eit svært spesialisert fiske, og vi har lite tru på at denne flåtegruppa vil vekse, heller tvert i mot; ein del arbeider for endå meir strukturering innanfor den konvensjonelle havfiskeflåten. Dersom det skjer, er klippfiskprodusentane redde for at det skal bli vanskelig å skaffe tilstrekkelig brosme og lange til produksjonen. Derfor ber vi departementet vurdere om det vil vere betre å regulere fisket etter lange og brosme gjennom ervervstildelinga enn gjennom eit generelt forbod for visse flåtegrupper.

Når det gjeld framtidige søknader om erverv for slik deltaking, bør det vere mulig å innvilge desse dersom talet på linefartøy kjem under 39, som er status pr. i dag. Det er viktig både for aktivitetsnivået i fiskeindustrien og for å kunne oppretthalde markedsposisjonar at råvareleveransane held seg nokolunde stabile.

Etter vår meining er det rimelig at kystfiskefartøy over 28 meter, som har fått erverv før 24.06.2010, og som er utrusta for slikt direktefiske etter lange og brosme, få delta i lukka gruppe på lik linje med den havgåande konvensjonelle flåten.

Ellers går departementet i denne saka bort frå sitt eige vedtak om å bruke kubikkmeter i staden for meter som grense mellom kyst- og havfiskeflåten frå 08.02.2008.

Når det gjeld fiske i utanlandske farvatn skjer det på grunnlag av bilaterale kvoter. Kystflåten er med på å "betale" for dette til fellesskapets beste. Vi viser her til trålstigen der kyst har 62,4 %. Deler av kystflåten vil derfor bli utelukka frå dette fiskeriet når vi er med på finansieringa av botnfisk-kvoter i andre lands farvatn, i tillegg til at dei tildelte kvanta ikkje har blitt oppfiska på mange år. Dette gjeld spesielt EU-farvatn og områda ved Færøyene, Grønland og til dels Island.


Når det gjeld fisket etter botnfisk i Grønlands fiskerisone og Islands økonomiske sone vart dette fisket lukka etter ei endring i deltakarforeskriftene for fartøy med ei

Vi gir lokale ideer globale muligheter

lasteromsavgrensning på 300 m³ (seinare endra til 500m³). For fiske etter botnfisk i EU-farvatn, ved Færøyene og i NEAFC-området er det foreløpig ikkje slik lukking.

Innovasjon Norge meiner departementet bør sjå nærare på korleis vektinga av dei bilaterale avtalene foregår. Inntrykket er at dei bilaterale avtalene i stor grad medfører at store kystkvoter blir gitt bort, og at større fiskekvanta blir overført til havfiskeflåten. Får kystflåten sin rettmessige del tilbake frå kvoter og tonn dei gir avkall på? Bør kystflåten få kompensert f. eks. gjennom auka del av fiske etter torsk, lodde, sild og/eller makrell?

Med vennlig helsing
for Innovasjon Norge



Inger Solberg
direktør



Aase-Merete Remøy
seniorrådgiver

Kopi: Riksrevisjonen